

# STATUTTAR

## FOR

LARS ANDERSSON SKUTLE OG INGEBJØRG ANDERSDOTTER SKUTLE SITT MINNE

### § 1

Ved testamente av 24/3-1972 har Lars Andersson Skutle skipa eit fond som skal bera namnet:

LARS ANDERSSON SKUTLE OG INGEBJØRG ANDERSDOTTER SKUTLES ~~FOND~~ <sup>MINNE</sup>

### § 2

Fondets føremål er å yta stønad til personar som arbeidar for eller står i kontakt med handikappa. I den grad det er midlar att til det, skal fondet yta stønad til utdanning eller til andre føremål for personar som har vorte handikappa på grunn av poliomyelitt.

### § 3

Fondet har ein kapital som er urørleg (grunnfond) på kr. 100.000,-. Kapitalen skal forvaltast av Voss kommune, men kapitalen skal til kvar tid vera fråskilt kommunen sine øvrigte midlar.

For fondet skal gjelda den kontroll og rekneskapsrevisjon som til kvar tid er fastsett for legatmidlar.

Kvart år innan februar mnd. skal siste års rekneskap, revidert av kommune-revisjon, sendast til Sosialdepartementet gjennom stiftsdireksjonen, saman med melding om fondet si verksemd det føregående år.

### § 4

Kapitalen skal forvaltast på same måte som umyndiges midlar.

### § 5

Stønad skal delast ut av fondsstyret innan utgangen av kalendaråret.

Fondsstyret fastset størleiken og i kva form stønad skal qjevast.

Fondsstyret kan om naudsynt slå fleire årsinntekter saman for utdeling.

Minst 10% av avkastinga skal leggjast til grunnfondet. Fondsstyret kan kvart år vedta at ein større del av avkastinga kan leggjast til grunnfondet.

### § 6

Formannskapet skal vera fondets styre.

Formannskapet sine sakshandsamingsreglar gjeld fullt ut.

### § 7

Desse statuttane er fastsett av Voss skifterett, og statuttane kan berre endrast av Sosialdepartementet etter søknad frå styret.

Voss, den 23/4 1981

